



## Fylkesmannen i Rogaland

# Endeleg rapport frå tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Bjerkreim kommune 27. mars og 3. april 2019

**Tidsrom for tilsynet:** 2019

**Kommunen si adresse:** Bjerkreim kommune, Nesjane 1, 4389 Vikeså

**Kontaktperson i kommunen:** beredskapskoordinator Nis Willem Bartels

**Fylkesmannen sitt tilsynslag:** Revisjonsleiar Reidar Johnsen og revisor Maren Skåden

**Dato for endeleg rapport:** 28. mai 2019

### Samandrag

Tilsynet er gjennomført med heimel i lov 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivile tryggingstiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) § 29 og forskrift 22. august 2011 om kommunal beredskapsplikt § 10.

Målet med tilsynet er å undersøke om Bjerkreim kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Fylkesmannen avdekkja 5 avvik i tilsynet med Bjerkreim kommune.

### Avvik 1

Bjerkreim kommune sin heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS analyse) oppfyller ikkje alle krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

### Avvik 2

Kommunen oppfyller ikkje krava til eit heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiksarbeid i forskrift om kommunal beredskapsplikt

### Avvik 3

Bjerkreim kommune sin beredskapsplan oppfyller ikkje alle krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt

### Avvik 4

Kommunen oppfyller ikkje krava til oppdatering/revisjon i forskrift om kommunal beredskapsplikt

### Avvik 5

Kommunen oppfyller ikkje kravet i forskrift til kommunal beredskapsplikt til å ha et system for opplæring.

## **Innhald**

Samandrag .....	1
1. Bakgrunn for tilsynet .....	3
2. Rammer for tilsynet .....	3
3. Hovudinntrykk .....	3
4. Resultat frå tilsynet .....	4
5. Grunnlagsdokument .....	6
6. Deltakarar i tilsynet .....	7

## **1. Bakgrunn for tilsynet**

Tilsynet er gjennomført med heimel i lov 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivilbeskyttelse og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelseslova) § 29 og forskrift av 22. august 2011 om kommunal beredskapsplikt § 10.

Målet med tilsynet er å undersøke om Bjerkreim kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Fylkesmannen ville sjå om kommunen i tråd med krava i lov og forskrift hadde:

- ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse)
- eit heilskapleg system for kommunen sitt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid
- ein overordna beredskapsplan
- øvingar og opplæring for tilsette som har ei rolle i kommunen si krisehandtering
- evalueringar av hendingar og øvingar

## **2. Rammer for tilsynet**

Tilsynet er gjennomført etter prinsippa for systemretta tilsyn. Skriftleg revisjonsvarsle blei sendt 22. januar 2019, og relevant dokumentasjon vart granska før tilsynet. Den 5. desember var det opningsmøte og intervju med relevante personar i kommunen. Sluttmøte var 3. april 2019.

Denne rapporten handlar om avvik og merknader som er avdekkja under revisjonen. Avvik er manglande etterleving av krav i sivilbeskyttelseslova og/eller i forskrift til kommunal beredskapsplikt. Merknad er funn det er grunn til å peike på for å sikre betring i oppfølginga av føresegne i beredskapsplikta.

Me gjer merksam på at Fylkesmannen berre undersøker om kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i tråd med lov og forskrift. Tilsynet gir difor ikkje ei fullstendig vurdering av kommunen sitt arbeid med dette.

## **3. Hovudinntrykk**

Bjerkreim kommune er i folketal ein liten kommune, men har dei same pliktane og forventningane til oppfølging av kommunal beredskapsplikt som større kommunar. Det utfordrar kommunen å sette av nok ressursar til dette arbeidet for å sikre tilstrekkeleg kontinuitet.

Fylkesmannen var sist på tilsyn i Bjerkreim kommune i april 2016. Kommunen fekk då 3 avvik og 1 merknad. Kommunen har ikkje levert oppfølgingsplan etter tilsynet og nytt tilsyn bekreftar at kommunen ikkje har klart å lukke avvika etter sist tilsyn.

Fylkesmannen ser likevel ein klar forbetring i fokus på samfunnstryggleik og beredskap i kommunen samanlikna med sist tilsyn. Kommunen har regelmessig samfunnstryggleik og beredskap som tema i leiarmøte, har øvingar og brukar CIM. Kommunen er generelt meir medviten sitt ansvar og oppgåver ved ekstraordinære situasjonar og har betra sin evne til å krisehandtere. Mange i kriseleninga var nyleg på kurs på Nasjonal utdanningssenter for samfunnstryggleik og beredskap (NUSB).

Det er positiv at kommunen har fått ein beredskapskoordinator sidan sist tilsyn. Rådmannen sit med ansvaret for å følgja opp arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i det daglege. Fylkesmannen vil rá kommunen til å setta av tilstrekkeleg ressursar for å sikra at kommunen

klarer å følgje opp krava i til kommunal beredskapsplikt i lov og forskrift. Dette er ikkje tilfelle i dag.

#### **4. Resultat frå tilsynet**

Følgjande avvik blei avdekka i tilsynet med Bjerkreim kommune:

##### **Avvik 1**

Bjerkreim kommune sin heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse oppfyller ikkje alle krava i sivilbeskyttelseslova, jamfør forskrift om communal beredskapsplikt.

*Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:*

Sivilbeskyttelsesloven § 14 og forskrift om communal beredskapsplikt §§ 1, 2 og 9.

*Utfyllande kommentarar:*

Kommunen fekk avvik på dette ved sist tilsyn i 2016. Revidert ROS analyse oppfyller framleis ikkje alle krava i forskrifta. Grunngjevinga er om lag den same som sist.

- Det er ikkje dokumentert at kommunen har invitert relevante eksterne aktørar med i arbeidet med den reviserte ROS-analysen.
- I analysane av fleire av dei 40 hendingane som kommunen har vald, kjem det ikkje godt nok fram korleis eller kvifor dette kan vere ei utfordring for kommunen. Skildringane gir ikkje dermed eit godt nok bilde av kommunen sine konkrete utfordringar, og korleis kommunen bør jobba for å redusere risiko og konsekvens ved eventuelle hendingar.
- Det er ikkje tatt inn i analysen kor sårbar kommunen er for den einiske hending.
- Mange av tiltaka som står under sannsynlegheitsreduserande tiltak er konsekvensreduserande tiltak. Det må i tillegg skiljast mellom tiltak som er eksisterande og kva tiltak som er nye.
- Dei ulike delane av ROS-analysen til kommunen heng ikkje godt nok saman. I hovudrapporten kjem det ikkje klart nok fram at denne bygger på nye konkrete analyser av 40 ulike hendingar.

Samla betyr dette at ROS-analysen til Bjerkreim ikkje er eit godt nok grunnlag for kunne oppfylle krava til systematisk arbeid og som utgangspunkt for beredskapsplan jf. forskrift om communal beredskapsplikt § 3 og 4.

##### **Avvik 2**

Bjerkreim kommune oppfyller ikkje krava til eit heilskapleg og systematisk samfunnstryggleik- og beredskapsarbeid i sivilbeskyttelseslova og forskrift om communal beredskapsplikt.

*Avvik frå følgjande lov og forskriftskrav:*

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om communal beredskapsplikt §§ 1, 3 og 9.

*Utfyllande kommentarar:*

- Kommunen har ikkje eit godt nok system for oppfølging av samfunnstryggleik og beredskapsarbeidet. Fylkesmannen fekk mellom anna aldri nokon oppfølgingsplan frå kommunen etter siste tilsyn i 2016 og vi har ikkje fått dokumentasjon eller tilbakemelding på om to av avvika som blei gitt etter sist tilsyn i 2016 er lukka. Det gjeld heilskapleg og systematisk arbeid (avvik 2) og manglande system for opplæring av dei som har ei rolle i kommunen si krisehandtering (avvik 3). Nytt tilsyn bekreftar at desse avvika ikkje er lukka.

Når det gjaldt heilskapleg ROS-analyse (avvik 1) satt Fylkesmannen, på grunn av manglende oppfølgingsplan, opphaveleg ein frist for revisjon til 30. juni 2017. Kommunen klarte ikkje dette, men lovet den ferdig i februar 2018.

- Det står i kommunal planstrategi 2016-2019 at heilskapleg ROS-analyse skulle reviderast i 2017. Planen blei vedteken i kommunestyret 14.11.2018
- Kommunen har på bakgrunn av heilskapleg ROS-analyse ikkje utarbeidd langsigktige mål, strategiar, prioriteringar eller plan for korleis tiltaka i analysen skal følgast opp vidare der det går fram kven som har ansvar for å følgje opp med tidsfristar.
- Kommunen kan ikkje dokumentere at heilskapleg ROS-analyse er brukt til å vurdere forhold som bør vektleggast i planer og prosesser etter plan- og bygningsloven. Verken den gamle frå 2014 eller den nye frå 2018.

### **Avvik 3**

Bjerkreim kommune sin beredskapsplan oppfyller ikkje alle krava i forskrift om communal beredskapsplikt.

*Avvik frå følgjande lov- og forskriftskrav:*

Sivilbeskyttelsesloven § 15 og forskrift om communal beredskapsplikt §§ 1, 4 og 9.

*Utfyllande kommentarar:*

beredskapsplikt

- Beredskapsplanen er ikkje laga med utgangspunkt i revidert heilskapleg ROS-analyse.
- Det må gå fram av planen at kommunen har tatt i bruk krisestøtteverktøyet CIM og kva dette har å bety.
- Kommunen sin samla beredskapsplan er uvanleg omfattande for ein liten kommune og den er unødig krevjande å finne fram i.
- Kapittelet om ansvarsavklåring mot politi og fylkesmann er upresist når det gjeld politi og feil når det gjeld fylkesmann.

### **Avvik 4**

Beredskapsplanen til Bjerkreim kommune er ikkje oppdatert.

*Avvik frå følgjande lov og forskriftskrav:*

Sivilbeskyttelsesloven §15 og forskrift om communal beredskapsplikt §§ 6 og 9

*Utfyllande kommentar*

- Det er meir enn et år sidan beredskapsplanen til Bjerkreim kommune blei revidert.

### **Avvik 5**

Kommunen oppfyller ikkje kravet i forskrift til communal beredskapsplikt til å ha et system for opplæring.

*Avvik frå følgjande lov og forskriftskrav:*

Sivilbeskyttelsesloven § 15 tredje ledd og forskrift om communal beredskapsplikt §§ 1, 7 og 9.

*Utfyllande kommentarar:*

- Kommunen har ikkje noko system der det står kva kompetanse dei ulike som har ein rolle kriselerding skal ha og korleis kommunen sikrar at dei det gjeld både får og kan vedlikehalda denne kompetansen.

## **5. Grunnlagsdokument**

Oversikt over dokument som Fylkesmannen har brukt som grunnlag for tilsynet i Bjerkreim:

- Organisasjonskart
- Planstrategi for Bjerkreim kommune 2016-2019
- Kommuneplan 2014-2026 (Samfunnssdelen med handlingsprogram)
- Helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse, vedtatt 14.11.2018
- Smittevernplan 2018-2021
- Systemoversikt HMS planar for Vikeså skule
- Handlingsplan ved sorg, kriser og ulykker ved Bjerkreim skule
- Branninstruks Røysekatten barnehage
- Sikkerhetsinnstruks for kommunehuset i Bjerkreim
- Plan for helse- og sosialmessig beredskap 2018-2020
- Beredskapsplan godkjent 17.6.2015 (revidert 2016)
- Økonomiplan 2019-2022
- ROS-analyse vannforsyning med vedlegg revidert 2016
- Rapport for øvelse på Bjerkreim vannverk 2018
- Plan for beredskapsøvelser vannverk
- Beredskapsplan vannforsyning 2016
- Tilsynsrapport Mattilsynet 2016
- Tilsynsrapport Mattilsynet 2017
- Saksliste 27.01.17, 21.08.17, 2.10.17, 19.03.18, 04.06.18, 27.08.18, 22.10.18, 17.12.18, 18.12.18
- Referat 21.01.18, 26.02.18
- Evaluering etter øving 24.09.2018

## **6. Deltakarar i tilsynet**

I tabellen under er det oversikt over deltakarar på opningsmøtet, intervju og sluttmøtet:

<b>Namn</b>	<b>Funksjon /stilling</b>	<b>Opmøte</b>	<b>Intervju</b>	<b>Sluttmøte</b>
Ørjan Daltveit	rådmann	X	X	X
Nis Willem Bartels	beredskapskoordinator	X	X	X
Torbjørn Ognedal	ordførar	X	X	X
Rune Andersen	kommunalsjef oppvekst	X	X	X
Øyvor Sønstabø	kommunalsjef levekår	X	X	X
Kristian Nomedal	kommunalsjef LMT	X	X	
Anette Espedal	saksbehandler plan- og byggesak	X	X	
Tora Britt Svela	informasjonsansvarleg		X	

Frå Fylkesmannen i Rogaland deltok:

- Reidar Johnsen, revisjonsleiar/fylkesberedskapssjef
- Maren Skåden, revisor/seniorrådgivar